



ØyNytt

Nummer 3
Juni 2022
49. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



10 Ungdomstur til Israel



6 Mottaket på Nautnes

4 Takk Kåre!

5 17. mai i Hjelme gamle kyrkje

8 Ny driftsleiar

9 Dugnad på Skjergardsheimen

12 Konfirmantane 2022

14 Møt nokre frivillige i Hjelme og Blomvåg



Kyrkja og bedehuset

I meir enn 70 år har soknepresten hatt gudsteneste på Vik bedehus Kristi himmelfartsdag.

I år var det sokneprest Espen Tveten som hadde teke turen til Vik. Om lag 60 personar var møtt fram, og organist Øystein Steinsland tok plass ved flygelet. Til slutt i gudstjenesta framførte han songen "Jesus, styr du mine tankar".

LEIAR

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



I 2022 feirar vi frivillig-år i Noreg, og det er med god grunn! På landsbasis utgjer den frivillige innsatsen ifølgje SSB 142 000 årsverk i dei ulike frivillige organisasjonane, og 55% av befolkninga over 15 år har siste året delteke i frivillig arbeid.

Også i kyrkja har vi mange frivillige. Siste oppteljing viste at det var 120 frivillige medarbeidarar i Hjelme og Blomvåg sokn. I dette bladet får du møte sju av dei. Små glimt frå deira frivillige innsats vitnar om eit engasjement og ein kjærleik til arbeid og menneske vi som kyrkje rett og slett ikkje kan greie oss utan. Eg håpar denne smakebiten vil inspirere deg til å bli med som frivillig, det er både plass til deg og bruk for deg! Til deg som allereie er frivillig medarbeidar vil eg rette ei varm takk!

Også tilsette medarbeidarar er viktige, og det er alltid vemodig når gode medarbeidarar sluttar. Kåre Kristoffersen, som fyller 74 år i august har no bestemt seg for å bli fulltidspensjonist, etter 28 år i teneste som kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Les meir om Kåre på side 4, og ta med deg nokre gode tips for eit langt og godt arbeidsliv! Eg vil nytte høvet til å takke Kåre for lang og tru teneste i Øygarden kyrkjelege fellesråd! Vi kjem til å sakne han i arbeidsfellesskapen!

Så vil eg ønskje alle lesarar av ØyNytt ein strålende sommar!



Film frå Hjelme og Blomvåg

Det har vorte laga ein flott film som presenterer noko av alt det som skjer i Hjelme og Blomvåg sokn.

Den kan du sjå ved å skanne koden her, eller ved gå inn på nettadressa:
www.bit.ly/kyrkja1

Kamera og redigering:
Magnus Kårbø Rong

Er du kristen?

I militæret kom spørsmålet: «Er du kristen? Før eg rakk å svara, kom ein av dei nye kompisanane meg i forkjøpet: «Nei, det er bror min som er (heiter) Kristen!» og så rann det ut i tjo og hei.


Var ikkje alltid enkelt å seie at eg var kristen, men kristen var eg uansett!

Er du kristen? Kva vert svaret ditt?

Då Jesus døydde på krossen, var det fordi Gud elska oss og betalte prisen det kosta for at vi kunne få eit evig liv saman med han. Jesus er også tydeleg på den eine vegen som fører dit: «Ingen kjem til Faderen utan gjennom Meg!» (Joh. 14,6). Dersom eg vil til himmelen, må eg ta imot Jesus. I Matteus snakkar Jesus om alvoret ved å ikkje ta imot, som blir å vere borte frå Gud / gå fortapt gjennom evige tider. Dette er hovedgrunnen til at vi som kristne driv misjon. Vi ynskjer at du skal til himmelen!

Men å vera ein kristen verkar så kjedeleg, seier du, og så kjenner du fleire som kaller seg kristne og som oppfører seg som idiotar eller er så fordømande. «Nei, den gjengen der kan dei ha for meg», tenkjer du! Det er mange som har opplevd mykje fordøming for oppførselen sin. Dette

er tragisk, for det har fått konsekvenser for den enkelte. I Bibelen kan vi lese at Jesus refsa mange, men det var nesten utelukkande prestar og skriftlærde, lærde personar som kunne sin Bibel. Dei hadde vorte sjølvgode! Alle kjenner vi på ærgjerrigheit, hev, misunning, urettferd og hat til tider. Vi lever i ei verd, der djevelen har stor påvirkningskraft på oss alle.



Kvifor er eg ein kristen?

1. Mine foreldre bar meg til dåpen og lærte meg opp i trua på Jesus.
2. Då eg var 12 år, fekk eg det vi kalla «syndenød». Eg såg meg fortapt, men såg at Jesus hadde tatt all skulda mi

på korset, og eg fekk leggje børa mi på han. Det var ein stor lettelse :)

3. Eg får leva i Guds nåde kvar dag, i vissheit om at dersom eg døyr, går det rett til himmels!

4. Eg ser ingen betre alternativ!

Det er rett å gjera gode gjerningar, men ingen vert frelst av dette. Eine forbrytaren som hang i lag med Jesus på korset erkjenner at han er ein syndar. Han seier til Jesus: «Tenk på meg når du kjem i ditt rike», og Jesus seier: «I dag skal du vera med meg i paradiset» Det var ikkje mykje gode gjerningar han fekk gjort!

Vil du verta ein kristen?

Jesus seier i Johannes 3.16:

For så høgt elska Gud verda, at Han gav son sin den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Bekjenn det som tyngjer deg for Jesus. Han vil møta deg med tilgjevande kjærleik!

Høyr sangen «Thank You Jesus for the blood» av Charity Gayle på You tube!

Gud velsigne deg !

Henning Sandøy

Medlem av eldsterådet
INRI-kyrkja



| | |
|--|--|
| <p>ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulltdistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.</p> <p>Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.</p> <hr/> <p>Neste ØyNytt kjem ut: 30. september</p> <p>Redaksjonen vert avslutta to veker før.</p> <hr/> |  <p>ØyNytt – kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn</p> <p>Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve Redaktør og grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim Trykk: Molvik Grafisk AS</p>  <p>Kontingent: Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg Takkeannonsar: Kr 100</p> <p>Annonsar: Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no Bankkontonummer: 1503.84.37590 for kontingenter og gåver Opplag: 2600 pr. nummer. 5 nummer i året.</p> |
|  <p>DEN NORSKE KYRKJA Øygarden kyrkjelege fellesråd</p> <p>Telefon: 400 03 316 E-post: post.oygarden@kyrkja.no Besøksadresse: Øygarden kyrjekontor, Temahuset på Straume Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume</p> <p>Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden</p> <p>Facebook:  HjelmeogBlomvagSokn</p> | <p>Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten E-post: et838@kyrkja.no Telefon: 91 61 78 00</p> <p>Leiar i soknerådet: Erling Vik E-post: erl-vik@online.no</p> <p>Kyrkjeverje: Annlaug Børve E-post: ab766@kyrkja.no Telefon: 473 04 530</p> <p>Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd: 976 995 430</p> <p>Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps #699755</p> |



Takk Kåre!

I august fyller Kåre Kristoffersen 74 år. Han har då vore tilsett som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar i Hjelme og Blomvåg sokn i 28 år. Dei siste fire åra har han arbeidd mest ute på gravplassane.

Tekst og foto: Anlaug Børve

Du har lang fartstid som tilsett i kyrkja, og har arbeidd lenge ut over det som er vanleg pensjonsalder. Kva har fått deg til å bli så lenge i jobb?

Den viktigaste grunnen er at eg trivst så godt i arbeidet mitt. Gode arbeidskollegaer har betydd mykje, men også opplevinga av at eg har eit meningsfullt arbeid er viktig. Eg har ofte samtalar med pårørande, og får mange tilbakemeldingar som viser at jobben eg gjer har stor betydning for sørgande og besøkande på kyrkjegardane. I møte med sorg og død har det også vore viktig for meg å ha med meg trua.

Så tenkjer eg at det er avgjerande at eg har ei god helse, og at eg legg vekt

på å halde meg i form. Dette har gitt energi til å kunne stå lenge i arbeid.

Kva hendingar vil du trekkje fram når du ser tilbake på yrkeskarriera di?

Det er litt vanskeleg å framheve noko. Eg kjenner så å seie alle som ligg gravlagt på den nyaste gravplassen i Blomvåg. Slik sett vert kvar gravferd spesiell for meg. Om eg likevel skal nemne noko, må det vere gravferda til Alexander Dale Oen. Den var frykteleg trist og veldig spesiell, med direkteoverført TV og kamera over alt og med svært mykje folk.

Vi hadde også ei direkteoverført radiogudsteneste som det var spesielt å vere med på. Alt var planlagt minutt for minutt, og alt måtte klaffe heilt presist.

Det er ei kjent sak at du er ein ivrig idrettsutøvar og verdsmeister på skøyter for veteranar. Kva planar har du på dette området når du no vert pensjonist?

Eg kjem til å halde fram med å trene, både på sykkel og skøyter. Eit litt trøblete kne gir meg nokre utfordringar, så eg får sjå kva det blir. Men eg trenar jamt og trutt, og planen er å delta på fleire veteranskøyteløp i tida som kjem.

Har du andre planar for pensjonisttida?

Eg har planar om å bruke bubilen litt meir! Allereie no til helga skal vi reise nordover til Jølster, og eg håpar det kan bli mange liknande turar i tida framover.

17. mai i Hjelme gamle kyrkje

Nord i kommunen gjekk i år 17. mai-toget frå Sælekrysset til Hjelme gamle kyrkje. Det er fyrste gong på lenge at toget har gått den ruta og det vart ein stor suksess. Mange møtte opp i det nydelege maiværet. Ved gamlekyrkja var det fyrst kransenedlegging og deretter gudsteneste.

Foto: May Britt Heggholmen og Egil Sæle





Ukrainarane på Nautnes

I starten av april kom dei første flyktningane til akuttmottaket på Nautnes. Med opprettinga av akuttmottaket kom krigen brått nær oss. ØyNytt har intervjuet Olaug Elise Alvheim om korleis livet på Nautnes er. Olaug har ei 60% stilling som aktivitetskoordinator.

Tekst og foto: Espen Tveten

Talet på flyktningar på Nautnes har variert, men dagen dette intervjuet vart gjennomført, var det 111 personar som budde der. Sidan dette er eit akuttmottak, vil det skje endringar heile tida. Alle dei 111 bebuarane er klarert for å bli busett i Øygarden eller andre stader i landet.

Nettverksbyggjar

Då Olaug fekk tilbod om denne jobben, gjekk det fort. To dagar etter førespurnaden, var ho på plass og no prøvar ho å koordinere aktivitetar for barn, ungdom og vaksne så godt ho kan. Kvardagen hennar går ut på å byggja nettverk med ulike organisasjonar, kommunale tiltak og kyrkjelydar for å nemna noko. Det

har vore viktig å få eit godt samspel med dei frivillige. Ho er begeistra for alle som vil hjelpe til. Mange gonger har ho sett eit behov, og like etter har telefonen ringt og nokon har tilbydt nett det ho trong, det vere seg fiskestenger, klede eller andre ting. Olaug har òg ei liste med namn på frivillige som kan hjelpe med transport. Den lista er flittig i bruk.



Ei anna liste fortel om dei kristen-tilboda i vår del av kommunen. Ei gruppe ungdomar har av den grunn funne fram til Refuel ungdomsklubb og er med så ofte dei kan.

Korleis er ein kvardag på Nautnes, Olaug? «Om morgonen drar barna og ungdomane i barnehage og skule. Terna barnehage har dei fleste barna, barneskulebarna drar til Toftøy, ungdomane drar til Tranevågen ungdomskule og Sotra vidaregåande. Så avgjer veret om det er mykje folk ute på tunet. Er veret bra er folk ute og barna sykklar og leikar. Folk her er sjølvhjelpne, dei drar på tur og tar ofte med ei fiskestong.»

Stor aktivitet på bedehuset

Olaug er full av lovord over samarbeidet med nærmiljøet på Nautnes. Dei er absolutt med på å gjera kvardagen betre for flyktningane. Styret i bedehuset har stilt bedehuset til disposisjon og det har vore mange samlingar der. På bedehuset er det no språkkafe på laurdagar i regi av Røde Kors og bønnesamlingar på torsdagar i regi av kyrkjelydane, samt mykje anna. På galleriet i bedehuset er det eit lager av klede og utsyr som folk har gitt og som ukrainarane har tilgang til.

Ukrainarane tek òg sjølv initiativ til aktivitetar. Olaug fortel at det var ei fantastisk oppleving då dei inviterte til fest i bedehuset. Det var nydelege ukrainske matrettar og på programmet sto mellom anna ukrainsk folkesong og nasjonalsongen. Ein ny fest er under planlegging.

Glede og sorg

Det er mange gledestunder i denne jobben. Olaug fortel at dette er ein jobb ho lærer mykje i kvar ein dag. Ho hadde mellom anna ikkje tenkt på at det var eit stort behov for kjevle. Det nyttar ikkje nordmenn så ofte, men i ukrainsk matlaging er kjevle ofte naudsynt. Flyktningane er takksame for hjelpa dei får og er rause med klemmar. Samstundes er kvardagen prega av djupt alvor og sagn etter familien. Dei fleste prøvar dagleg å ringe ektemannen eller familien i heimlandet. Dei dagane dei ikkje får kontakt stig stressnivået og uroa. For ikkje lenge sidan hadde Olaug besøk av ei dame på kontoret. Dama vart oppringt og fortalt at russarane no var på full fart inn i hennar by der familien var. I slike stunder er krigen og nauda svært nær og det er umogeleg å ikkje verta rørt, fortel Olaug.

Me takkar Olaug for intervjuet. Ho har nok å halda på med. I kalenderen ho har framfor seg har ho mykje program. Nett no held ho på å planleggja tur i pinsehelga. Lions har gjeve tilbod om hyttetur på Hardangervidda til 25 ungdomar.



Fiskestenger til utlån



Informasjon på engelsk, ukrainsk og norsk



Ny drifstleiar

Vi ynskjer Tore Heggernes velkommen som leiar av seksjon for kyrkjer og gravplassar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Han tek over etter Norvald Snekkevik som går over i stilling som fagleiar på gravplassområdet.

Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er 44 år, gift med Mildred Fjøren Heggernes og har tre gutar i alderen 12, 17 og 19 år.

Kva fekk deg til å søkje på stillinga som seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar?

Å jobbe i kyrkja og i seksjonen for Kyrkje og gravplassar såg eg for meg ville vere ei meningsfylt oppgåve. Dei som jobbar i denne seksjonen møter menneske i glede og i sorg, og det å vere med å legge til rette for gode møtepunkt både på gravplassar og i kyrkja er viktig for meg i denne jobben.

Kva har du jobba med tidlegare?

Eg har ein veldig variert yrkesbakgrunn. Eg har fagbrev som kokk, tømrrar og i akvakultur. Eg har òg jobba eit år som barne- og ungdomsarbeidar i gamle Øygarden. Eg og familien min har og vore 4 år som misjonærar for NMS i Thailand.

Kva tankar gjer du deg om kyrkjebygg og gravplassar i Øygarden, er det noko du vil prioritere?

Akkurat no er det eit stort arbeid som skal gjerast i Fjell kyrkje. Der må taket utbetrast og vi ønsker å få gjort

fleire forbetringar i kyrkja. Denne prosessen er godt i gang. Det som er viktig for meg er at ein skal koma til ei kyrkje og ein gravplass som ser bra ut. Den årstida vi er i no med vigslar, gras som gror, i tillegg til gravferder og gudstenester, gjer at det er mykje arbeid på dei tilsette.

Etterkvart som eg får meir oversikt over behova i dei ulike kyrkjene og gravplassane, vil vi få laga ei prioritert liste og ta fatt på arbeidet.

Dugnad på Skjergardsheimen

På ettermiddagen den 23. mai var ein flott gjeng ungdommar frå Refuel sport i sving med dugnad!

Dei flytta samlinga frå gymsalen på Rong til Skjergardsheimen denne dagen. Dei har laga fin ny sti og rampe ved ziplinen! I tillegg diverse småarbeid og rydding på uteområdet. Kjekk ungdom!



DETTE SKJER I HAUST Barn og unge

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

15. oktober: 1. klasse leirdag

16. oktober: 2. klasse leirdag

22.-23. oktober: 3. klasseleir

2.-4. desember: 4. klasseleir

REFUEL

26. august

9. september

23. september

7. oktober

21. oktober

4. november

18. november

2. desember

16. desember

Stad: Rong senter

Tid: 19.30–22.30

KRIK

2. september

16. september

30. september

28. oktober

11. november

25. november

9. desember

Stad:

Hjeltefjorden arena

Tid: 19.30–21.30

En ferie
å glede
seg til

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig

VIPPS en gave til 13130
(merket FERIE) eller gi
på konto 3201 52 74165

 **Blå Kors**



Ved Genesaretsjøen



På Saligprisningenes berg, der Jesus heldt Bergpreika

Ungdomstur til Israel

Etter 2,5 år med planlegging, innsamling og utsetjing var det endelig klart for studietur til Israel for 14 ungdomar og tre vaksne. Her kjem reisebrev og bilder frå turen!

Tekst: Andrea Tomic

Inntrykk, opplevingar og god stemning er ord som godt beskriv studieturen vår til Israel denne påska. For dei fleste av oss var dette første gong i «det heilage land», og for andre var det til og med første gong dei reiste med fly. Det var ei lang reise med mellomlanding på både Gardermoen og i Istanbul, men med topp stemning i gjengen allereie frå oppmøte på Flesland kl. 06.30, gjekk reisedagen fort. Då me endeleg var framme på

flyplassen i Tel Aviv vart me møtt med koronatesting. Me fekk også møte guiden vår for turen, noko som var litt hyggelegare. Han var godt likt av gjengen med sitt gode humør og endelausa kunnskap om landet vi besøkte. Turen hadde nok ikkje vore den same utan den gode guiden vår!

I løpet av våre 10 dagar i Israel skulle me reise rundt i store delar av landet og besøkje fleire byar. Første dagen hadde me ein roleg dag i badebyen

Netanya. Me bada og spelte volleyball på stranda, shoppa litt og åt god lunsj. Det var fint med ein avslappande første dag, for me hadde mange lange dagar med stramt program framfor oss.

Dei neste dagane var me rundt, på og i, Genesaretsjøen. Mange frå gjengen trekkjer særleg fram opplevingar her ifrå. Me var på båttur på Genesaretsjøen ein solfylt søndagsmorgon. Det var heilt stilt ute på vatnet, og båten stoppa opp ein



Kamelselfie på ridetur i Judea-ørkenen



På Oljeberget med utsikt over Jerusalem. Frå venstre: Espen Tveten, Hanne Sæle, Elida Skålevik Nesse, Madeleine Hellesund Rossnes, Ayana Arias Johannesen, Steffen Magnussen Hernar, Ida Fløisand-Hansen, Hogne Berland, Victoria Bru Waardal, Maria Solsvik, Michelle Sanden Bergstrøm, Magnus Kårbø Rong, Andrea Tomic, Ruben Nordvik, David Nordvik, Simen Jensen Oen, Kate Solsvik

augneblink så me kunne lese nokre bibeltekstar. Det var spesielt å kunne lese i Bibelen samtidig som vi var på staden der det ein les om skjedde. Dette var ei oppleving vi fekk mange gongar på turen.

Me fekk også oppleve å bade i Dødehavet. Det var merkeleg å kjenne at kroppen flaut rett til overflata når ein låg seg ned i det utruleg salte vatnet! Alle jentene kjøpte seg gjørme som me smurte utover heile kroppen for å få mjuk hud. Det var litt vanskelegare å vaske av igjen gjørma enn me hadde trudd, så til reiseledar Hogne sin store frustrasjon, stod me full i svart gjørme nede på stranda då me eigentleg skulle ha kjørt vidare med bussen. Me hadde nemlig dårleg tid fordi me skulle nå neste aktivitet som var kamelridning i ørkenen.

Det var også her i ørkenen me budde den natta. På førehand hadde me fått vite at me skulle bu i telt i ein beduinleir. Mange av oss såg for oss ei kald og ubekvem natt midt ute i ørkenen, men vart positivt overraska

då me fekk sjå leiren. Det var eit stort og stilig område med både telt og små hytter, kiosk, stor matsal og både dusj og do. Denne leiren ute i ørkenen var ein stad fleire av oss hadde ynskje om å bu i ei natt til!

Alle dagane starta tidleg om morgonen, men dagen me skulle gå på fjellet Masada for å sjå soloppgangen måtte me stå opp kl. 04.45! Det var ein trøtt og kald gjeng som nådde toppen av fjellet - dessverre var det litt overskya, så soloppgangen vart ikkje heilt som me hadde sett for oss. Likevel var det stilig å sjå ruinane til festninga frå oldtida der det til dømes hadde vore palass for Herodes den store som var konge då Jesus vart fødd.

No gjekk turen til Jerusalem og her var det særleg mange historiske stader frå Bibelen å besøkje. Me fulgte gata Via Dolorosa ("smertens veg") i gamlebyen i Jerusalem, som er ruta der Jesus bar korset på veg til Golgata for å bli korsfesta. På dei ulike stasjonane på ruta fortalde guiden vår om kva Jesus gjorde eller kva som skjedde med han

akkurat der. Her gjekk me verkeleg i Jesus sine fotspor. Via Dolorosa sitt endepunkt er i Gravkyrkja - ei kyrkje bygd over Jesus si grav. Mange av oss var enige i at å sjå den tomme grava var trusstyrkande og eit flott augneblink.

Me var også ein tur i Bethlehem. Der var me i ei kyrkje som er bygd over stallen der Jesus vart fødd. Den nøyaktige staden han vart fødd var markert med ei stjerne på steingolvet. Alle i gruppa fekk etter tur legge handa på denne stjerna.

Denne studieturen har vore svært innholdsrik og me har fått sett utruleg mykje. Me vil retta ein stor takk til alle som har donert flasker og kjøpt lodd og på andre måtar gjort det mogleg at me kunne reisa på denne turen! Noko av det stiligaste har vore å vere på stadene me har lest så ofte om i Bibelen, og at me no har eit bilete i hovudet neste gong me les om desse stadane. Alle er også einig i at det har vore fantastisk å oppleve alt dette saman med denne gode gjengen!

Konfirmantane 2022

Me gratulerer konfirmantane våre og takkar for ei flott tid saman med dei!
Helsing kyrkjestaben i Hjelme og Blomvåg.

Foto: Torgeir SJ foto



Hjelme kyrkje laurdag 30. april kl. 11.00

Bak frå venstre: Cecilie Borsholm Vik, Hogne Berland, Espen Tveten, Eskil Kornelius Sjøstrøm, Mathilde Karin Dale

Framme frå venstre: Ole Gunnar Austrheim Higrav, Emma-Michelle Kvarme, Sander Nickolai Bakke, Josefine Knappen Svellingen, Nicholas Sævdal Hellesund, Jenny Buck



Blomvåg kyrkje laurdag 7. mai kl. 10.30

Bak frå venstre: Hogne Berland, Espen Tveten, Eskil Kornelius Sjøstrøm

Nest bakerst frå venstre: Cecilie Borsholm Vik, Trym Myhr, Jonas Hitsøy, Daniel Sætre, Aron Haugetun

Midten frå venstre: Mikael Andersen, Thomas Halstensen, Matheo Knarvik Fjeldstad, Adrian Knarvik Sande, Ask Ottesen Stølsnes, Kristine Flåten

Framme frå venstre: Oda Halland Vatland, Elida Dale Hellesund, Anna Marit Dale, Julie Cathrine Lape Hellesund, Mathilde Karin Dale



Blomvåg kyrkje laurdag 7. mai kl. 13.00

Bak frå venstre: Cecilie Borsholm Vik, Eskil Kornelius Sjøstrøm, Espen Tveten, Hogne Berland, Thomas Melås Hellesøy, Kristine Flåten

Midten frå venstre: Fredrik Martin Oen Hellesund, Elias Steen Dale, Håvard Vik, Emil Elvestad, Mathilde Karin Dale

Framme frå venstre: Jesper Sjøvold Fjeldstad, Philip Arild Sæther, Anna Kårbø Rong, Øyvind Herdlevær, Julian Vatnvåg-Fjeldstad



Blomvåg kyrkje søndag 8. mai kl. 10.30

Bak frå venstre: Espen Tveten, Hogne Berland

Nest bakerst frå venstre: Eskil Kornelius Sjøstrøm, Trygve Haugetun, Marcel Sørensen Lokøy, Marius Ledang Helle, Kristine Flåten

Midten frå venstre: Cecilie Borsholm Vik, Ingrid Johanne Holmen, Ingrid Øyre Vik, Marthe Halvorsen Turøy, Thea Fløisand-Hansen, Mathilde Karin Dale

Framme frå venstre: Nora Alfstad, Kamilla Eide, Hanna Solsvik, Johanne Vik, Emilie Torsvik Hellesund, Tomine Måge.



Blomvåg kyrkje søndag 8. mai kl. 13.00

Bak frå venstre: Cecilie Borsholm Vik, Eskil Kornelius Sjøstrøm, Espen Tveten, Hogne Berland, Kristine Flåten

Nest bakerst frå venstre: Marcus Garvik-Andersen, Robin Diego Nautnes, Emil Drange Torsvik, Kim Robin Langhelle Fure, Mathilde Karin Dale

Framme frå venstre: Adrian Rong Vetås, Frøya Therese Langhelle Fure, Amalie Dyrøy Steffensen, Amalie Svendsen Olsen, Leander Vatnvåg Hennø

Frivillighetens år

2022

2022 er Frivilligheten år i Noreg. I kristent arbeid finn vi uvurderlege frivillige som på ulikt vis bidreg med si tid og sine evner! Her kan du høyre frå nokre av dei mange frivillige som er tilknytt Hjelme og Blomvåg.



Åse May Solsvik Blom

Eg er med i barnekoret på bedehuset. Elles er eg med i styret i den nye bedehusforeningen

i Blomvåg, og av og

til som medliturg på gudstenester i kyrkja. Eg opplever det som utruleg gjevande. Det å få vera med å bidra og leggja til rette for at barn og unge får mulighet til å delta på kristne aktivitetar, er viktig. På den måten får dei høyra om den aller beste venen dei kan ha med seg gjennom livet; Jesus. Som kristne er oppdraget vårt å fortelja andre rundt oss at dei er høgt elska av Gud, og det tenkjer eg er så viktig å læra heilt frå ein er liten. Gud har skapt oss fordi han vil ha oss her! Gjennom arbeidet vert ein også betre kjend med veldig mange fine folk i lokalmiljøet.



Petter Rong

Eg har hovudansvar for lovsongsarbeidet på ungdomsklubben Refuel, spelar i lovsongs-team på INRI, samt styrer med det

meste tekniske innenfor lyd/lys/bilde/scene der. Eg er også innom diverse arrangement i regi

av Kyrkja i Blomvåg og Hjelme både bak tangenter og miksebord (nokre gonger begge deler samtidig!). Eg tenker det er meningsfylt og riktig å kunne bruke dei gåvane eg har fått til å hjelpe til med det kristne arbeidet. Spesielt på eit område som eg meiner har både viktig praktisk og andeleg betydning, men som det ofte er manglande ressursar og kompetanse på. I møte med Bibelens bodskap om nåde, er det naturleg for oss å ønske å gje noko tilbake. Mitt hovud fungerer veldig praktisk og tenkande, så min takk blir å nytte desse evnene inn mot kristent arbeid.



Torgeir Sandøy Johannesen

Eg er med på mykje forskjellig. Eg spelar i bandet til koret

Lyskastaren, bidrar innimellom

som voksenleiar på KRIK, bidrar med teknisk støtte innan foto og video og andre oppgåver. Det er kjekt å kunne bidra for at barn og unge har eit så godt tilbod som mogleg på fritida. Det er også kjekt å kunne vera med å hjelpa andre. Også syns eg det kristne miljøet her ute er flinke på å leggje til rette for aktivitetar med gode verdjar for barn og unge. For eksempel Refuel, KRIK, Lyskastaren og mykje anna.



Elise Irene Karlsen

Jeg syns det er fint å være med å bidra for kirkens arbeid og er med på litt forskjellig, men

hovedsakelig er jeg

med i drøfting og planlegging av det som skal foregå i menigheten. Jeg er med i soknerådet som 1. vara hvor de litt mer formelle avgjørelsene blir tatt og i en NaMu gruppe (Naturlig Menighetsutvikling) som diskuterer og idemylder rundt hvordan menigheten kan vokse og utvikle seg sunt. Jeg har også engasjert meg litt for det diakonale arbeidet i menigheten, og har jobbet sammen med noen andre om å få på plass en diakoniplan for kirken. Det har resultert i ulike arrangement som «kirketaco» og «sang- og salmekvelder» for å bygge gode og varme felleskap. Jeg syns barne- og ungdomsarbeidet er ekstremt viktig, og liker å være med som leder på en leir eller to i året. Grunnen til at jeg lar meg engasjere er at kirke og det kristne felleskapet betyr veldig mye for meg. Jeg ønsker å være en del av et felleskap som senterer seg rundt Jesus og som styrker meg åndelig. Troen min blir styrket av å snakke om den og livet, og den styrkes av å for eksempel skrive en andakt. Ingen menigheter er perfekte, men jeg har lyst til å være med å påvirke til en

positiv utvikling. Det er tider i livet det er vanskelig å tro, og desto viktigere er det å ha et felleskap å støtte seg på, som brenner for å formidle Jesu kjærlighet.



Reidun Lillemo Dale

Av kristent frivillig arbeid er jeg idag med og driver "Formiddags-treff" i Hjelme kirke. I tillegg er jeg med i Indre Sjømannsmisjon sitt arbeid på Laksevåg og en misjonsforening som er tilslutta NLM og holder til i Bergensområdet. Jeg prøver også å støtte opp om møtevirksomheten her i Blomvågen som er mitt nærområde. Jeg liker veldig godt å være med i frivillig arbeid. Det er fint å få være med å yte litt selv om det jeg gjør er heller beskjedent. Vi skal heller ikke glemme den sosiale delen av dette arbeidet. Det er godt å komme ut og møte andre.



Donald Seifried

Jeg er blant annet med som kirkevert og har bakt kaker til kirkekaffe og har hjulpet med å sette opp kirkekaffe med andre frivillige. På store arrangementer har jeg hjulpet til som parkeringsvakt og med å rigge og rydde. I tillegg er jeg med i diakoniutvalget. I 2009 ledet jeg en turgruppe på kjente spaserturer i Øygarden der vi kunne være sammen på uformell basis, lese noen relaterte skrifter og ha litt felleskap i naturen. Jeg håper å starte opp igjen med turene senere.

Jeg har veldig lyst å tjene Herren Jesus Kristus, og å spre hans gode nyheter. Jeg var ikke alltid en kristen, men da jeg endelig ble en kristen lærte jeg mye som var fascinerende. Jeg forstår at det er mange folk som ikke tror på Bibelen, men jeg mener at å tro på den er nøkkelen til sannheten om Jesus. De som finner den Jesus som Bibelen viser, kommer til å lære om hans arbeid i vårt liv i dag, og de kan lære at Jesus

er ekte, noen vi lever med, og ikke bare tror på. Jeg vil hjelpe folk til å oppdage dette i sitt personlige liv, og jeg vil gjøre alt jeg kan for å hjelpe folk å stole på Jesus og Bibelen. Jeg ønsker at oppgavene jeg gjør skal hjelpe å dra oppmerksomhet til Jesus og hans sannhet, så andre oppdager ham. Jeg er ikke perfekt, men jeg stoler på Jesus, og jeg stoler på hans kjærlighet. Når jeg ser at folk forstår Bibelen og sammenhengen til deres liv, gir det meg stor glede.



Bjarne Hellesund

Eg er med som frivillig i Hjelme kyrkje med kyrjekaffi og som kyrkjevert. Eg har også vore med som leiar på leir på Skjergardsheimen. Det som gjer det fint å vere med i frivillig arbeid i kyrkja er moglegheit til å ta del i eit felleskap på tvers av generasjonar. Min motivasjon for å bidra er å holde fellesskapet levande og vidareføre verdiar som er viktig for meg.



Foto: Ottar Vik

Frigjerings-og Veterandagen vart feira på fleire stadar i Øygarden

Ved Blomvåg kyrkje la ordførar Tom Georg Indrevik og varaordførar Torill Selsvol Nyborg ned krans ved minnestøtta over dei som mista livet her ute under 2. verdenskrig.

Torill S. Nyborg trekte fram i sin tale friheten 8. mai 1945 etter at landet vårt blei fritt etter fem års naziokkupasjon. Vi brukar denne dagen til å gleda oss over eit fritt og demokratisk Norge, og samstundes hylla alle dei –motstandsfolk, krigsseilarar og sivilpersonar –som tok opp kampen mot okkupantane.

Mange av bygdene her i Øygarden vart hardt råka av 2. verdenskrig. Vi mista mange i konsentrasjonsleirar. Telavåg vart bomba og brent. Folk måtte flytta frå heimane sine og livet vart aldri som før. Sorg, sagn og smerte er kjensler vi lever med den dag i dag.

Difor er det ei stor æra, å få heidra krigens heltar som kjempa for vår fridom.



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar

- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA
Blomsterbua
RONG senter
Telefon : 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

Torsvik
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knud Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



YXENERGI

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM
SERVISESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted




SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

- Ferskvarespesialisten
- Velsmakende varmmat
- Fristende frukt og grønt
- Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

 SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS 22 40 00 40 **SOS** CHAT **SOS** MELDING **KIRKENS SOS**

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag – lørdag
kl. 07.00–23.00



NORGESHUS
Øygarden

Telefon: 56 38 28 00 - Påluneset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshusoygarden.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Påluneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lørd 09.00-14.00



Asane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

PH

ÆDER

SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE
GRAVFERD**



Vidar Vik Torsvik
murmester

Dalekletten 44
5337 Rong

TORSVIK MUR

Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av
gamle skorsteiner/piper

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Ønsker du sol hjem?
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg N
 - Nybygg I
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- ormann 958 19 905
ngvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



Øygarden kyrkjebrass

Visste du at kirken i Øygarden har sitt eget brassband?

Tekst: Hein Kvalheim / Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Annenhver torsdag møtes spilleglade musikanter i Fjell kyrkje til øving. Målet med spillingen er både et godt fellesskap rundt musikken og mulighet til å fylle ut det musikalske bildet i kirkene i Øygarden.

Ved siste årsmøtet ble navnet på brassbandet endret fra «Fjell kyrkjebrass», som det ble stiftet som i 2007, til «Øygarden Kyrkjebrass». «Da signaliserer vi at vi er til for hele storkommunen» sier leder for kyrkjebrassen, Rune Lynglund.

Repertoaret er alt fra tradisjonelle salmer til svingende marsjer og scenen er fra kirkegulv til Fjell festning der kyrkjebrassen har tradisjon for å spille til gudstjenesten

2. påskedag. Et av høydepunktene var fellesgudstjenesten i forbindelse med kommunesammenslåingen i 2020 og med det må det vel sies at ingen scene er for liten og ingen for stor. Til vanlig er vi 10-12 musikanter, men tar gjerne inn nye musikanter som har lyst til å spille sammen med oss. «Nivået er ikke farlig høyt» sier Lynglund med et smil.

Om du kunne tenke deg å spille sammen med denne flotte gjengen annenhver torsdag i oddetallsuker fra kl. 19:45 til kl. 21:30 kan du ta kontakt med leder Rune Lynglund på tlf. 408 73 642 eller dirigent Olav Sørheim på tlf. 926 15 988.



Kronprinsen besøkte Herdlevær

Kronprins Haakon kom sjøvegen då han besøkte Dale Oen senteret tidlegare i år. Kronprinsparets Fond støtter Dale Oen senteret, og i det høve tok Kronprinsen turen til Herdlevær. Der fekk han sjå noko av arbeidet på nært hald, og oppleve aktivitetar ved Dale Oen Academy. Kronprinsparets fond ynskjer å legge til rette for gode forhold som kan motivere ungdom slik at dei kan bruke sine evner og ta ut sitt potensiale.

I år er det 10 år sidan det tragiske dødsfallet til symjaren Alexander Dale Oen. Norge var i sorg då budskapet om Alexander sin død vart kjent 1. mai 2012, berre 26 år gammal. Alexander sette djupe spor etter seg i idrettsverda. Han var oppteken av å heia fram barn og ungdom som streva med å finne sine positive ressursar i ungdomstida. Derfor er The Dale Oen Experience oppretta for å gje eit tilbod som fremjar livsmeistring og gode verktøy for å løyse utfordringar på ein god måte.

Tekst: Ottar Vik



Turøyulykka

Seks år har gått sidan den tragiske helikopterulykka ved Turøy 29. april 2016. Det vart lagt ned krans frå Øygarden kommune og mange besøkte minnesmerket på 6-årsdagen.

Mange roser blei festa på minnesmerket. Kvar av dei 13 som omkom har fått si eige navneplate.



Velkommen til GUDSTENESTE!

SØNDAG 12. JUNI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Jubileum for 50-, 51- og 52-årskonfirmantar. Nattverd. Offer til Alpha Norge.

SØNDAG 19. JUNI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Knut Kaldestad. Jubileum for 50-, 51- og 52-årskonfirmantar. Dåp. Nattverd. Offer til Menneskeverd.

SØNDAG 26. JUNI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Jan Tommy Fosse. Dåp. Nattverd. Offer til Den norske Israelsmisjonen.

SØNDAG 3. JULI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Erlend Fauskanger. Dåp. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 10. JULI OG 17. JULI

Messefall i Hjelme og Blomvåg kyrkje.

SØNDAG 24. JULI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Bildøy bibelskole.

SØNDAG 31. JULI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til NLA-høgskulen.

SØNDAG 7. AUGUST

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Knut Kaldestad. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet

SØNDAG 14. AUGUST

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Det vert preike ved Ingvald Andre Kårbø, radiopastor i P7. Nattverd. Offer til P7

SØNDAG 21. AUGUST

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Stefanusalliansen

SØNDAG 28. AUGUST

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til NLM-Ung.

SØNDAG 4. SEPTEMBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Det vert presentasjon av årets konfirmantar. Offer til Basecamp.

SØNDAG 11. SEPTEMBER

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Det vert presentasjon av årets ny konfirmantar. Offer til søndagsskulen i Hjelme og Blomvåg kyrkjelyd.

SØNDAG 18. SEPTEMBER

Gudsteneste i Hjeltefjorden Arena kl. 11. Avslutning på Øygardssonghelga.

SØNDAG 25. SEPTEMBER

Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11 ved Espen Tveten. Offer til Bascamp.



LIVETS GANG

DØYPTE

Blomvåg

- Hilmar Zakariassen Rong, Rong
- Malvin Zakariassen Rong, Rong
- Iver Breivik, Knappen
- Leander Kvalvaag Breivik, Rossnesvegen
- Malvin Olai Risløw, Misje
- Ewan Alvheim Wågnes, Rong

Hjelme

- Mariel Slettehaug, Oppegård

VIGDE

Blomvåg

- Guro Kongsvik og Nils Meier
- Helena Victoria Blom og Aleksander Breivik
- Malin Blomvågnes og Tore Bruvik

DØDE

Blomvåg

- Osmund Dale, Bårdalen f. 1943
- Valter Rong, Rong, f. 1961
- Peder Alvheim, Alvheim, f. 1933

Hjelme

- Anny Helene Kristiansen, Bergen f. 1934
- Ragnar Rasmus Sæle, Sælevegen f. 1924
- Nelborg Oliva Wilhelmsen, Ternholmvegen f. 1935

Bibeltimar

Nautnes bedehus hausten 2022

Torsdag 18. august kl 19.00
Svanhild Jakobsen

Torsdag 29. september kl 19.00
Asle Hetlebakke

Torsdag 27. oktober kl 19.00
Roald Evensen

Torsdag 24. november kl 19.00
Arnfinn Norheim

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/oygarden


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

**Distribusjon i
Hjelme og Blomvåg sokn:**
Hammer transport, tlf. 920 98 600

**Distribusjon utanfor
Hjelme og Blomvåg sokn:**
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



**16.-18.
SEPT.
2022**

SONG- OG MUSIKKFESTIVAL

Øygardssong



Hjeltefjorden arena
Rong i Øygarden



Lisa Børud med band
Mikael Järlestrand
Leif Sigvald Skaug
Gospelkoret Redeemed

Gospel Teens
Lyskasteren
Lovsangsteam
Husorkester

Arrangør: INRI-kyrkja, Vik bedehus, Den norske kyrkja
Billetter på Checkin.no

Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

Påmeldinga er digital og kan gjerast på nettsidane våre!

For påmelding og informasjon om dåp gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



Dåp